



Lindås VVS NT AS
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4184 - 16/3845

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.02.2016

Korrigert utsleppsløyve for 2 bustadar - gbnr 55/27 og 55/38 Bruvoll.

Administrativt vedtak. Saknr: 100/16

Tiltakshavar: Inger Anne Halland Andersen og Tommy Andersen
Ansvarleg søkjer: Lindås VVS NT AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

Dette løyvet erstattar utsleppsløyvet av 10.02.2016, saknr. 90/16.

SAKSUTGREIING:

Det vart gitt utsleppsløyve for 2 bustadar på gbnr 55/27 og 55/38 i vedtak datert 10.02.2016, saknr 90/16. Sakspapiret inneheld, pga ein inkurie, nokre uriktige/mangelfulle opplysningar og kommunen har difor funne grunn til å retta vedtaket. Dette vedtaket erstattar utsleppsløyvet av 10.02.2016.

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for bustadhus på gbnr 55/27 og 55/38. Søknaden er fremja i samband med søknad om oppføring av ny bustad på gbnr 55/38. På gbnr 55/27 står det ein eksisterande einestad med eldre avlaupsløysing med slamavskiljar som no vert oppgradert i samsvar med dagens krav. Det vert søkt om å reinsa avlaupet frå eigedomane i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 10N med etterpolering, før det reinsa avlaupsvatnet vert ført i tett leidning til kistegrøft. Anlegget skal plasserast på gbnr 55/38 og kistegrøfta som avlaupsvatnet skal førast til går over gbnr 55/3. Storleiken til utsleppet er opplyst til 10 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 07.01.2016 og tilleggsdokumentasjon mottatt 09.02.2016.



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med særskild omsynssone landbruk.

Det er i møte i Plan- og miljøutvalet 29.04.2015, sak 038/15, gjeve dispensasjon frå arealføremålet og byggjeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8 for både frådeling av tomta og oppføring av ny bustad.

Tiltaket krev ikkje ytterlegare dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla som del av byggjesaka. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i revidert situasjonskart mottatt 09.02.2016.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser, jf forureiningsforskrifta 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

Serviceavtale ligg føre.

Privatrettslege tilhøve

Reinseanlegget skal plasserast på gbnr 55/38 og avlaupsvatnet skal førast vidare i tett leidning til kistegrøft som går over eigedomen gbnr 55/3.

Det ligg føre avtale mellom eigarane av 55/27 og 55/38 om etablering av anlegg for veg, vatn og avlaup datert 13.04.2015, knytt til frådelingsaka for gbnr 55/38, jf journalpost 15/8394. Det bør opprettast ny avtale som er oppdatert i høve gards- og bruksnummer for eigedomane. Avtalen bør tinglysast.

Det er ikkje dokumentert rett til å føra avlaupsvatnet frå reinseanlegget til kistegrøft som går over gbnr 55/3. Slik rett må dokumenterast før det vert gitt byggjeløyve.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Tiltaket ligg i område langs Hundvinvatnet som er ein del av eit samanhengande vassdragssystem som går frå Storavatnet og til Lindåsosane. Området er i naturbasen registrert som kartlagt friluftsområde med stor verdi.

VURDERING

Avlaupsløysinga det er søkt om stettar strengast krav i forureiningsforskrifta, dvs krava til utsleppsstad i normalt/følsamt område med brukarinteresser.

Kommunen vurderer at det omsøkte utsleppet ikkje kjem i konflikt med friluftinteressene i området eller andre interesser som naturmangfaldlova skal ivareta. Det er heller ikkje gjort greie for eller er kjend, andre særskilde interesser som krev ytterlegare tiltak.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik det er søkt om. Det vert i denne saka ikkje sett krav om eige anlegg for etterpolering etter reinseanlegget når avlaupet vert ført til jordbruksgrøft.

Godkjenning etter andre lovverk

Tiltaket krev løyve etter reglane i plan- og bygningslova. Det er søkt om løyve til oppføring av bustad og tilhøyrande anlegg på gbnr 55/38. Etablering av avlaupsanlegget vert handsama som del av denne søknaden.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 2 bustadar, på gbnr 55/27 og gbnr 55/38, i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til kistegrøft.
2. Anlegget skal plasserast slik vist på situasjonskart mottatt 09.02.2016.
3. Det må dokumenterast rett til å føra avlaupsvatnet frå reinseanlegget inn på kistegrøft som går over eigedomen gbnr 55/3 før det vert gitt byggjeløyve.
4. Utsleppet er godkjend for 10 pe.
5. Anlegget skal plasserast slik at det kan haldast vedlike og driftast av godkjend føretak.
6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Tiltaket er søknadspliktig etter reglane i plan- og bygningslova. Naudsynt byggjeløyve må liggja føre før arbeidet med etablering av anlegget vert sett i gang.

Dette løyvet erstattar utsleppsløyvet datert 10.02.2016, sak 090/16.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget, eller nokon del av det, kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/4184

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger Anne og Tommy Andersen	Hetlhovda 14A	5956	HUNDVIN
Julie Bruvoll og Atle Bruvoll Andersen	Trælandsvegen 24	5956	HUNDVIN
Reknes Byggjevarer LL	Selvåg	5986	HOSTELAND

Mottakarar:

Lindås VVS NT AS		5951	LINDÅS
------------------	--	------	--------